



Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1789 - 18/23733

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

07.08.2018

Jordlovshandsaming av søknad om oppføring av våningshus på gbnr 233/6 Eide

Administrativt vedtak. Saknr: 396/18

Det vert synt til byggesøknad på gbnr 233/6, oppføring av våningshus med tilkomstveg. Saka er oversendt landbrukskontoret 8.juni for landbruksfagleg uttale. Det er kome inn tilleggsinformasjon i saka frå søkjar den 29.juni der det vert lagt fram driftsplan for landbruksdrifta på egedomen.

Landbrukseigedomen gbnr 233/6 Eide :

Landbrukseigedomen er totalt 282,3 dekar. Av dette er 5,1 dekar fulldyrka og 30,9 dekar innmarksbeite. Vidare er det 218 dekar produktiv skog, 26,1 dekar anna utmark og 2,2 dekar veg/bygg. Det er ein eldre driftsbygning på egedomen med tilkomstveg. Våningshuset på garden er rive for mange år sidan. Tidlegare eigar har hus på frådelt tomt. Søkjar overtok garden etter bestemora i 2014.

Saksutgreiing :

Det vert synt til rundskriv M-1/2013 Omdisponering og deling som omtalar dette på side 10. Tiltak som ikkje er knytta til *jordbruksproduksjon* må søkje om omdisponering for bruk av dyrka og dyrkbar jord til andre formål jfr § 9 i jordlova. Utdrag frå rundskriv M-1/2013 : Begrepet "*jordbruksproduksjon*" dekker all planteproduksjon i jordbruk og hagebruk der jorda blir brukt som vekstmedium, for eksempel til produksjon av mat og fôr samt hagevekster. Begrepet omfatter vidare bygninger som er direkte knyttet til driften av eiendommen, samt våningshuset.

Det sentrale i denne saka er kor vidt tiltaket kjem innunder begrepet jordbruksproduksjon. Dersom det skal foregå ein produksjon av landbruksprodukt av eit visst omfang er våningshuset (hus nr 1 på garden) definert som jordbruksproduksjon.

I Nordhordland er det mange og små gardar med eit beskjedent produksjonsvolum. Det er difor få heiltidsbønder som har hovedinntekta si frå jordbruket. Det er mange som driv gardane sine med andre

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



icentiv enn berre inntekt. Det handlar om å stelle/vedlikehalde innmark, bygningsmasse og oppretthalde tradisjonar, kultur og kunnskap.

Den framlagte driftsplan frå søkjar som tek utgangspunkt i garden sine ressursar er det som er og har vore landbruket i Nordhordland i «alle år» - ei attåttnæring til anna arbeid. På bakgrunn av dette meiner landbruksavdelinga at det omsøkte tiltaket er i tråd med kommuneplanen i området (LNF) og kjem innunder begrepet «jordbruksproduksjon» og såleis ikkje treng løyve til omdisponering etter § 12 i jordlova.

Konklusjon :

Tiltaket kjem innunder begrepet *jordbruksproduksjon* i §9 i jordlova. Tiltaket er såleis i tråd med kommuneplanen (LNF) og treng ikkje omdisponeringsløyve i jordlova.

Vedtak

Søknad om oppføring av våningshus på gbnr 233/6 Eide vert, på bakgrunn av framlagt driftsplan, vurdert til å vera i tråd med begrepet jordbruksproduksjon i jordlova. Det vert elles synt til saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §§1 og 9 i jordlova.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tone Margrethe Berland Furustøl

Mottakarar:

Byggesaksavdelinga
Ingebjørg Eide